



## NOREGS HØGSTERETT

Den 29. august 2016 vart det av Høgsteretts ankeutval med justitiarius Øie og dommarane Utgård og Webster i

**HR-2016-01811-U, (sak nr. 2016/1415), straffesak, anke over orskurd:**

Den offentlege påtalemakta

mot

A (advokat Hilde Marie Ims)

sagt slik

### O R S K U R D:

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens orskurd om avvising på grunn av for seint framsett anke.
- (2) Oslo tingrett gav 1. juni 2016 dom i sak om fullføring av subsidiær fengselsstraff på grunn av vilkårsbrot, jf. straffelova 2005 § 52 c første ledd bokstav a.
- (3) Kriminalomsorga region aust anka dommen til Borgarting lagmannsrett som avviste anken i orskurd 27. juni 2016 fordi anken var sett fram for seint.
- (4) *Kriminalomsorga region aust* har anka til Høgsterett og gjort gjeldande at anken vart gitt inn i rett tid. I anken til lagmannsretten skreiv kriminalomsorga at tingrettsdommen var motteken 1. juni, noko som var feil då det rette var 3. juni. Kriminalomsorga region aust har sett fram slik påstand:

**"Borgarting lagmannsretts kjennelse av 27. juni 2016 oppheves."**

- (5) A har ikkje kome med merknader.
- (6) *Høgsteretts ankeutval*, som har full kompetanse i saka, legg til grunn at tingrettsdommen kom inn til kriminalomsorga 3. juni, og at det var ved eit mistak at kriminalomsorga i anken gav opp at dommen hadde kome inn 1. juni. I anken har kriminalomsorga vist til at oversendinga

frå retten var datert 1. juni, og at dette vart nytta i anken, men at dommen først vart motteken 3. juni som e-post og 7. juni som brevpost. Utvalet legg til grunn at kriminalomsorga ikkje kan lastast nemnande for feilskrifta.

- (7) Lagmannsretten gjorde objektivt sett ein feil då retten avviste anken, som var gitt inn i rett tid. Sjølv om det var tale om ein feil som lagmannsretten ikkje på nokon måte kan lastast for, er det likevel tale om ein saksbehandlingsfeil hos retten.
- (8) Feilen har ført til at anken med urette vart avvist. Lagmannsrettens orskurd må då opphevast, jf. straffeprosesslova § 343 første ledd.
- (9) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G :

Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Toril M. Øie  
(sign.)

Bergljot Webster  
(sign.)

Riktig utskrift: